


***Lifjell rundt.*** *Ordføraren på Notodden inviterte i vinter kommunane rundt Lifjell pluss Tinn til å diskutere om dei bør slå seg saman. No har også Sauherad sagt ja til utgreiing.* *Faksimile Bø blad*

F FAKTA:

## Framdrift kommunereforma

- Prosessane startar lokalt i regionane hausten 2014, leia av fylkesmannen.
- Skal vere avslutta ved utgangen av 2016.
- Våren 2015 kjem regjeringa med ei melding til Stortinget om nye oppgåver til kommunane.
- Kommunar som vedtek samanslåing seinast hausten 2015, om vel eitt år, skal kunne få ja på nasjonalt nivå i løpet av våren 2016 og vere ein ny kommune frå 1. januar 2018.
- Reforma legg opp til at kommunane skal fatte vedtak innan våren 2016, om to år. Dei sakene kjem til Stortinget våren 2017.
- Regjeringa legg til grunn at kommunesamanslåinga skal setjast i verk seinast 1. januar 2020.
- Departementet vil utarbeidet standardiserte faktaoppsett om samanslåing som kommunane kan bruke som alternativ til større utgreiingar.
- Departementet vil også utarbeide opplegg for spørjeundersøking som kan brukast til å høyre innbyggjarane si meining, i staden for ei folkeavstemming.




